



BOKSTAV- SOMMAREN

av ERNA OSLAND & INGER LISE BELSVIK

R

REDAKSJON: Trude Hoel, Elisabeth Rege,
Liv Kristin Bjørlykke Øvereng og Arild Torvund Olsen

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SKRIFTER: Auto og Dolly

Tekstane i Bokstavsommaren kan lesast som ei samanhengande forteljing,
men det er òg mogleg å lese dei ulike bokstavforteljingane frittståande.

Du finn brukstips, filmar om tekstane i bruk og mykje anna tilleggsstoff på
lesesenteret.uis.no/leseopplaering/lesing-i-barnehagen/bokstavsommaren/
eller www.nynorsksenteret.no/bokstavsommaren/

Erna Osland

Bokstavsommaren

Illustrert av Inger Lise Belsvik

Nynorskcenteret & Lesesenteret
2015



ZARA

Zara er fem.

Ho har mor og far. Og mormor.

Mormor bur i Zambia og heiter Zara, ho også.

Begge skriv Zara med Z.

Z-A-R-A

Z

Z

Z

Z

Men Zara har også ein storebror!

Han heiter Styrk og er veldig irriterande,

for han synest at Zara er så lita.

– Du er for lita, seier han når ho vil låne tubaen hans.

Da blir ho lei seg.

Men Zara kan også bli *sint*.

Som når Styrk seier at ho er for lita

til å bestemme kva dei skal sjå på tv.

Ja, ho blir så sint at ho knip Styrk i rumpa.

Styrk berre ler.

– ZZZ, vesle stikkebie, summar han.

Så zappar han vidare for å finne noko om dyr.

For alt han tenkjer på, er zoologi.

Zara kjenner at ho kunne sprekke!

Kva skal ho gjere for å få bestemme litt, ho også?

Ein dag skjer det eit under:

Styrk seier at Zara er stor,

og at han treng hjelp av henne!

Kva gjer Zara da?

Det skal du snart få vite.



STYRK

Styrk spelar i skulemusikken.
Han er flink, for han har store og sterke lunger.
Zara kunne også ha likt å spele,
men Styrk seier ho er for lita.

Før sommarferien var Styrk på basar,
og der vann han ein snorkel!
Det er jo supert for ein som liker å blåse,
så han sprang heim.
Han gledde seg svært til å snorkle.

Zara ville også prøve å snorkle.
– Du er for lita, sa Styrk.
– Ver så snill, bad ho.
Men han heldt på sitt,
ho fekk ikkje prøve på land eingong.

– Eg skal svømme heile sommaren, sa Styrk.
Men mor sa strengt nei.
– Far skal på sjøen, og eg sit på kontoret,
så kven skal sjå etter deg? spurde ho.
Styrk blei både sint og sur.

Men Zara blei så blid!
– Eg skal sjå etter han, jubla ho,
– eg skal stire ut på sjøen.
Og viss snorkelen ikkje stikk opp, så varslar eg!
– Eg stoler ikkje på at eg høyrer deg, sa mor.
– Eg blæs i tubaen, sa Zara. – Tre tut er signalet på fare!
Mor såg på Styrk.
– Vil du det? spurde ho.

Det *blei* slik.
Zara skulle passe storebror sin.
Trur du sommaren blei fin?





TUBAEN


Zara får låne tubaen til Styrk.
Men ein tuba er tung å halde
og enda tyngre å få lyd i.
Ho prøver, men det blir ingen høg og fin tone,
det blir berre: – tttttttttttt.
– Det er for svakt, seier mor.
Zara prøver igjen: – TTTT.
– Eg hører det ikkje oppå på kontoret,
så Styrk får berre ta det med ro, seier mor.

Men Styrk vil ikkje ta det med ro.
– Gjer leppene til to tynne strekar,
seier han til Zara. – Og ta i!
Ho legg munnen så tett ho kan
mot tubaen og tar i: – Tuuut!
– Det var betre, seier mor tilfreds.
Så spring ho opp på kontoret
for å sjekke om lyden kjem heilt dit.

Zara tutar: – Tut-tut-tut-tuuut!

Mor kjem tilbake.
Ho høyrdé tubaen godt.
No er det berre for Styrk å ta på snorkelen
og kaste seg uti, for Zara passar på.
Ho har tubaen klar.
– TUUUT!





ÅLEKVABBA

Styrk svømmer åleine ute i sjøen,
og Zara sit åleine på kaia.
Ho er berre fem,
og likevel passar ho på storebroren sin.

ÅÅÅ, det er så kjedeleg!
Om ho berre kunne tute litt i tubaen som ho har med!
Ho prøver.
Først forsiktig. Så litt sterke.
Brått blir det så sterkt at mor kjem springande.
– Eg berre kjeda meg, forklarer Zara.
Men mor er så redd at ho er rasande.
Ho har tårer i auga når ho roper at
Styrk skal komme på land, og det straks!

Styrk vassar i land.
– Eg vil ikkje passe han meir, seier Zara.
– Synd, seier Styrk, – for eg har ei super gáve til deg!
Han held hendene fram.
Men Zara får ikkje sjå kva det er,
for han har eine handa over den andre.
– Først må du love å vere badevakt og å tute rett, seier Styrk.

Zara strekkjer seg mot Styrk,
ho har så lyst til å sjå kva han har.
– Passar du meg i morgen også? spør han.
Ho tenkjer seg om.
Men så løftar han handa slik at gáva kjem fram,
og da svarer ho straks ja.
For kva er det ho ser?
Ei ålekvabbe – så lita og så sot!

Zara får halde ålekvabba,
og det er det finaste ho har kjent:
Ålekvabba er kald, men heilt levande likevel.
– Ho må snart uti igjen, seier Styrk.
Da kjem Zara på noko lurt.
– Gir du meg noko fint kvar gong eg passar deg? spør ho.
– Ålreit, svarer Styrk, – ålreit!






O-SKJELET

Styrk snorklar.

Zara sit på land med tubaen hans.

Ho overvaker Styrk.

Observerer, som far ville ha sagt,
for han er oppsynsmann langt ute på havet
der olja blir tatt opp.



Zara stirrer på snorkelen, eit lite røyr på overflata.

Røyret fer bortover, det er alltid rett over Styrk.

Og så lenge ho ser røyret, er alt i orden.

Men dersom røyret forsvinn, skal ho varsle.

Ho skal tute i tubaen, tre tut.



Brått blir snorkelen borte!

Ho triv tubaen.

Ho må tute.

Ho må varsle mor!



Men der kjem Styrk til syne igjen.

Han strekkjer handa ivêret.

– Ein skatt! roper han.

Han vassar i land og gir Zara skatten: eit digert skjel.

– Eit blåskjel, berre? blæs ho.

– No, no, no, seier Styrk, som kan engelsk og alt.

– Det er eit o-skjel! Ser du ikkje O-en?

Han peiker på ein liten kul lengst framme.

– O-skjel kan bli over 40 år, seier Styrk,

– så dei har ofte perler. Og no kan du velje:

Du kan leite etter perla, eller la skjelet leve.

Du bestemmer!

Zara stryk på skjelet.

Kva skal ho gjere med skjelet sitt?

Skal ho verkeleg opne det?





QUIZ

I går fekk Zara eit skjel av Styrk.

Ho opna det og fann ei lita blå perle.

– Gi meg eit bokstavskjel i dag også, seier ho til Styrk.

– Eit o-skjel, meiner du? spør han.

– Er ikkje O ein bokstav?

– Jo, O er ein bokstav, seier Styrk.

– Så gi meg eit bokstavskjel med perle!

Styrk hiv seg uti og kjem opp att med eit skjel.

– Eit kuskjel, seier han.

– Med perle?

– Eg veit ikkje, svarer han.

– Inga perle, inga passing, seier Zara.

Ho legg frå seg tubaen og spring.

– Qer jo ein bokstav, roper Styrk etter henne.

– Qer ein O med ein hale på!

Zara spring vidare, ho vil ikkje høyre på slikt tull.

Det er best ho går opp og spør mor.

– Styrk lurer meg, klagar Zara til mor. – Han
seier at ku er ein bokstav, men ku er jo eit dyr?

Da seier mor noko forferdeleg.

Ho seier at Styrk har rett,

og at Qer ein av dei 29 bokstavane våre.

– Q må til om du vil skrive quiz, spørjeleiken, altså.

Og quickstep, ein morosam dans. Kom! seier mor.

Ho svingar Zara med seg i ein vill dans.

Zara må le, mor er så rar, ho spenner frå som ei ku.

Men så må mor arbeide, og Zara må spørje seg sjølv:

Vil eg ha ein masse med bokstavar? Vil eg det?





F



R



S



AVTALEN

Om Styrk skal få snorkle, må Zara passe på han.
For sjølv er ho for lita til å bruke snorkel, seier dei.
Styrk vil passast kvar einaste dag, så dei har gjort ein avtale:
Kvar dag skal Zara få ei gáve frå havet som lønn.

Ein dag seier Zara at ho vil ha eit armband.
– Eg skulle jo finne gáva i havet, det var avtalen, seier Styrk.
– Kjedeleg! blæs Zara.
Ho vil ha ein ny avtale, men da kjem Styrk på noko:
– Det finst 29 bokstavar, og eg vil gi deg alle.
Ein ny bokstav rett opp av sjøen kvar dag, vil du ha det? spør han.

– 29 bokstavar, det blir mykje passing, seier Zara.
– Du kan alt din eigen Z. Og min S, svarer Styrk.
– Og i dag kan jo A-en vere for avtale?
– Eg må tenkje på det, seier Zara og går.

– Den som kan bokstavane, kan lese. Og den
som kan lese, kan alt, roper Styrk etter henne.
– Ikkje snorkle! roper Zara tilbake.
Styrk spring etter henne.
Han tar eit fast tak i armen hennar.
– Au, armen min, klagar Zara.
– Unnskyld, seier han.
Han böyer seg og blæs på den vonde armen.
– Lungene dine er for små, dei må vekse.
Men for bokstavane er du akkurat passe,
seier han med si aller snillaste stemme.

Zara kjenner etter.
Styrk har rett, ho er ikkje lita, ho er stor.
Det er bokstavane som er små.
– Hopp uti og hent resten av bokstavane, da! seier ho.

Styrk hoppar straks uti.
Kjem han til å greie å halde avtalen?
Klarer han å finne dei små bokstavane
ute i det uendeleg store havet?





KRABBEN

Zara passar storebror sin.
Ho sit med tubaen, klar til å tute.
Dersom det hender noko, må ho varsle mor.


Zara kikkar utover sjøen.
Ho kjedar seg litt, men vil ikkje klage.
Styrk har jo lova henne ein skatt.
Om ho berre kunne få han snart!

Brått kjem Styrk til syne.
Han krålar mot Zara.
– Er du klar for dagens bokstavskatt? spør han.
Ho rettar handa fram.
– Lukk auga! kviskrar han.

Zara knip auga igjen.
I handa kjenner ho noko kvast.
Det kriblar og kryp. Og kiler!
Ho klemmer til.
– Forsiktig med det vesle krypet, seier Styrk.

Zara opnar auga.
Ein krabbe!
Ein krabbe med ørande små klør
og ei lita kvit kringle på ryggen.
Men kva er det han gjer?
Han klyper!
– Ditt krekk! skrik Zara og kastar han frå seg.

Først krøllar krabben seg saman,
så klatrar han over kjolen,
kryssar knea til Zara og krabbar alt han kan mot havet.
Føtene er korte, men farten er kolossal.
Han veit nøyaktig kva kant han skal til.
Han treng ingen til å passe på seg.
– Var ikkje det ein fin K? spør Styrk.
– Kjempefin! svarer Zara.





REKA

Zara sit i støa.

Styrk svømmer rett framfor henne,
både ryggen og rumpa er oppe av vatnet.

Han svømmer så roleg.

Han rører seg så vidt.

Men brått set han beina ned i botnen
og rekker hendene i vêret.

– Ei reke! roper han.

Zara vassar uti og rettar hendene fram.

Sjø og sand renn ned i dei.

Og reka.

Men ... !

Er ikkje reker raude? Eller rosa?

– Ikkje når dei er levande, seier Styrk. – Det er
når ein koker dei, at rekene blir raude.

R

R

r

r

Zara ser på reka.

Ho har ein lang, litt rund rygg,
gjennomsiktig, men hard som ein rustning.

Store auge stikk fram, og ein rar,
spiss nase med lange buster.

Og så mange føter på rekke og rad!

Reka rører på dei, ho rusar rundt

i ein liten ring i handa til Zara.

Det kiler, og Zara rykkjer til.

Men da er reka rask.

Ho rullar seg saman og sprett ut av handa.

På små, rappe føter rømmer ho.

På ein, to, tre er ho i sjøen igjen!



EREMITTKREPSEN

Zara og Styrk hjelper kvarandre.

Zara passar Styrk mens han snorklar.

Styrk tar fine ting opp av havet til Zara.

Mor, som må arbeide på kontoret, synest at dei er flinke.

– Eit eineståande samarbeid, seier mor.

Ein dag får Zara eit sniglehus av Styrk.

I opninga stikk det fram to klør.

– Ein eremittkreps, seier Styrk.

– Kom ut av huset ditt, så eg får sjå deg! seier Zara.

E
E

e

e

e

Zara set sniglehuset ned i fjøra,
og straks kjem det ut eit hovud og fleire føter.

Dei fer av garde med sniglehuset.

Ho må nappe det til seg.

– Ein eremittkreps går aldri ut av huset sitt,
han er redd for å bli eten opp.

For han har ikkje skal på bakkroppen, fortel Styrk.

– Bur han heilt åleine og går aldri ut?

undrast Zara. – Er han ikkje veldig einsam?

– Det er jo derfor han heiter eremitt-kreps.

Ein eremitt er ein som bur åleine.

– Men sjå! Det er nokon oppå huset hans! roper Zara.

Dei legg eremittkrephuset i ein kopp med vatn
og går opp i sitt eige hus for å vise han til mor.

– Ein eremittkreps har alltid leigebuarar, fortel mor.

– Det er små skapningar som hjelper eremittkrepsen.
Somme av dei gøymer han, og somme held han rein.

Mens krepsen sjølv flyttar rundt på dei alle,
så dei kan finne mat.

For det er berre han som har føter.

– Samarbeid, altså, seier Styrk og gir Zara ein klem.



FLYNDRA

Når far er ute på havet og jobbar, saknar Zara han.

– Eg vil ha far sin bokstav, seier ho til Styrk.

– F for far eller Ø for Øyvind? spør han.

Zara funderer litt før ho seier: – F, for far.

Men det må vere noko fint, for eg er så glad i han.

F

Styrk finn fram ei flaske med ein veldig vid tut
og legg henne flatt ned i sjøen.

Sakte flyttar han føtene på sandbotnen.

Men så ... fer han fram og grip flaska!

Fekk han ein F?

Han viser fram flaska, men Zara ser berre sand.

– Væt hendene dine, seier han, – og hald dei fram
mens du spriker litt med fingrane.

F

f

f

Zara væter fingrane og formar dei til ei lita skål.

Forsiktig tømmer Styrk flaska,
og vips så ligg det ein liten levande flekk der:
ein flat fisk – ei flyndre. Noko så fint!

– Ikkje hald henne for lenge, seier Styrk.

Zara legg flyndra forsiktig ned i sjøen.

Først ligg den vesle fisken heilt stille,
så flyt han litt opp før han fer utover i sanden.

Fort, fort!

– Farvel, vesle flyndre! seier Zara.

– Flyndra forsvann, men F-en er att,
han er i føtene dine, i fingrane og i freknene dine.
Og i far, som kjem neste fredag, forklarer Styrk.



LOPPER OG LUS


Neste dag kjem Styrk opp av sjøen med
eit skjel som han har lagt handa si over.
– Ver forsiktig, elles rømmer dei! seier han.

Zara bruker *si* hand til lokk.
Litt etter litt løftar ho lokket av.
Er det to larvar ho ser?
– Lopper, seier Styrk.
– Ikkje i sjøen, du lyg! roper Zara.
Styrk ler og seier at det er ikkje løgn,
for det er både lopper og lus i sjøen.
Men dei er ikkje like: Lopper er runde i ryggen.
Lus er litt flatare.



Dei to loppene dansar i skjelet.
Dei ligg litt i ro, så legg dei i veg med leiken igjen.
Dei er så livlege.
Og lure også?
For brått gjer dei kvar sitt lange byks
ut av skjelet og ned i lyngen.

Zara leitar etter dei.
Ho leitar og leitar, så dei ikkje skal døy.
For sjødyr kan jo ikkje puste på land!
Men da seier Styrk at ho skal ikkje vere lei seg,
for lopper og lus og nokre andre luringar
kan puste like godt i luft som i vatn.
– Men vi luringar liker oss no best i det våte, ler Styrk
og bykser som ein laks uti sjøen igjen.



JÅLEKRABBEN

Ein morgen spør Styrk om Zara vil ha ein jálekrabbe.

– Jepp!

Og jammen kjem Styrk med ein krabbe
som har pynta seg med havets juvelar:
små dottar av tare og tang.

– Dei er ikkje *berre* til pynt, må du tru,
for tangen gøymer krabben når han fer rundt og
jagar etter mat. Sjå alle dei føtene han har!

Zara ser på dei 8 jamlange føtene,
og den rare ryggen med krokar for tang
og anna merkeleg, men nyttig jáleri.

– Det er ein jálekrabbe, forklarer Zara
når mor kjem ned og spør om Zara også vil bade.

Både mor og Zara hoppar uti,
mens Styrk sit på land og studerer krabben.
Først når Zara kjem på land, får krabben komme uti sjøen.

– Farvel, jálekrabbe! vinkar Zara.

Og plutseleg seier Styrk:

– Eg er ein juksemakar!

– Nei, seier mor.

– Jo, seier Styrk, – for det heiter ikkje jálekrabbe.

Det heiter *pyntekrabbe*, eg kom ikkje på det før no.

– Det var jammen likt, seier mor.

– Men det blir juks, så i morgen skal eg finne ein ordentleg J.

Da seier Zara at pyntekrabbe er fint,
men jálekrabbe er enda finare.

Ho vil slett ikkje ha nokon ny J,
for da blir dei ikkje ferdige før jul.

J

j

j

j



POSTHORNMAKKEN

Styrk er storebror, han kan snorkle.
Han svømmer og prustar i vassflata.
Men aldri åleine, nokon må vere der for å passe på han.

Når mor og far er på arbeid,
er det Zara som passar på Styrk.
Og som lønn for passinga får ho ein presang kvar dag:
Styrk skal ta han opp av havet.

Kva får eg i dag, ein piggete pyntekrabbe? tenkjer Zara.
Ho ser at Styrk dreg pusten før han forsvinn ned i djupet.

På ein blunk er Styrk oppe igjen
og peiker mot Zara med noko han har funne.
Eit skjel med ein liten krusedull.

Zara pressar peikefingeren mot krusedullen.
Han er hard som porselen.
Kan det vere ein fiskebæsj som er blitt så hard?
– Huset til ein posthornmakk! seier Styrk.
– Postmannen må komme ut, forlangar Zara.
Ho pirkar i opninga og prøver å få han ut.
Men da seier Styrk at det ikkje nyttar å presse makken ut,
for han er berre ute når han et.
Da stikk han hovudet fram og liksom pumpar maten til seg.
– Pøh, fnyser Zara. – Eg vil ikkje ha ein slik puslete pikkelur!
Og så slengjer ho skjelet frå seg, så Styrk får det midt i planeten.
Blodet piplar fram!

Å, nei, kva har Zara gjort med han som ho skulle passe på?
– Eg meinte det ikkje! Og posthornmakken er heilt OK,
seier ho mens ho pressar peikefingeren
hardt mot såret i panna til bror sin.

Men Styrk er ikkje noka pyse!
– Gi meg eit plaster, ber han og bukker til henne
som om ho var ei prinsesse.
Høgtideleg takkar han for at ho tar seg tid
til å passe han kvar einaste dag!





ØSTERSEN

Når far er på arbeid ute på havet, saknar Zara han.

Ho saknar han veldig.

Veldig, veldig!

– Gi meg bokstaven til far, seier ho til Styrk ein morgon.

– Ø for Øyvind skal bli, seier Styrk.



Litt etter kjem han opp med eit skjel.

Det ser ut som ei skål.

– Øvste delen av eit østers-skjel, seier Styrk.

– Og kvar er østerson, da? spør Zara.

Styrk trur han er eten av ein steinbit,
for den fisken har tenner skarpe som ei øks.



Skjelet er stort og tungt.

Inni er det glatt, men utanpå er det
som kinnet til far når han er skjeggete.



Zara legg østerson mot øyret sitt,

og straks skjer det noko merkeleg:

Ho høyrer bruset frå havet!

Ho fortel det til Styrk,

men han seier at det er lyden frå hjartet hennar.

Mitt hjarte i eit skjel frå havet? tenkjer Zara.



Zara legg østers-skjelet i ei øskje for berre fine ting.

Men før ho sovnar den kvelden,

tar ho det fram og legg det over øyret.

Ho vil at skjelet skal syngje ein godnattsong for henne.


Ein song om havet med ørande små fiskar og skjel

og kjempestore skip og boreplattformer,

og om far Øyvind som arbeider der ute,

men alltid tenkjer på Zara si.





INGENTING?

- Kva for bokstav får eg i dag? spør Zara.
- Vent og sjå, seier Styrk og hoppar uti sjøen.


Zara ventar, for ho skal få noko kvar dag.
Slik er jo avtalen mellom henne og Styrk!

Endeleg kjem Styrk opp.
Han knip hendene saman kring noko.
Det må vere noko veldig fint!
– Hokuspokus! roper Styrk og rettar hendene fram.
Men ... Zara ser jo ingen ting!
– Du har ingen ting, seier ho.
– Ein million celledyr, er det ingen ting? spør han.
Ho går nærrare, men nei, ho ser ingen ting.
– Dei er små, men dei er der, forklarer Styrk.
Ho bøyer seg over hendene hans.
Inga gáve er å sjå!
– Du juksar! Eg vil aldri meir passe deg!
roper ho og spring opp til mor.

– Kva er på ferde? spør mor.
Zara seier at Styrk ikkje held seg til avtalen,
han vil gi henne noko som er så lite at det ikkje finst!
Mor tenkjer seg om: – Og kva er det som er så lite?
– Nokre idiotiske insekt, blæs Zara.
Da kjem Styrk setjande og seier at det ikkje var insekt.
– Insekt er kjemper samanlikna med desse dyra.
Desse dyra er så små at dei berre har éi celle i kroppen.
– Éi einaste celle, så interessant, seier mor.
Så fortel Styrk at den eine cella gjør det same arbeidet
som alle våre store innvolar: puste og ete. Og bæsje.
Alt kan den eine cella gjøre, enda så lita ho er.
– Du store! seier mor.
– Unnskyld, seier Zara.
– Alt i orden, seier Styrk.

Styrk innrømmer at han oppførte seg irriterande.
Zara innrømmer at ho har lyst til å passe han likevel.
Mor smiler og inviterer begge på is.





CELLEDYRA

Ved frukostbordet spør Zara Styrk:

- Kan eg få eit ørlite C-dyr i dag?
 - Eit celledyr, meiner du? spør Styrk.
- Zara nikkar, for ho har ein plan.

Styrk reiser seg frå frukostbordet.

Juice-flaska tar han med.

Først var ho full av C-vitamin frå California,
så blei ho tom, men no skal ho fyllast med celledyr.
I kvar ørliten slurk, ein centiliter berre,
kan det vere opptil ein million små dyr.

– Cirka ein billion! seier Styrk.

Han gir Zara den fulle flaska.

Zara held flaska mot sola.

Ho ser ikkje dyra, men ho veit at dei er der.
Dei er der, dei svømmer, dei pustar og et og bæsjar.
Tenk at noko kan vere så lite
og likevel greie alt det!
Ho set dei forsiktig ned.
Så triv ho tubaen og blæs det høgaste ho klarer.

Mor kjem springande.

– Har de blåse i tubaen utan grunn? spør ho.
Da seier Zara at ho har riktig god grunn,
for no skal dei få høyre kva ho har oppdaga.

Zara tutar enda ein gong, så seier ho
at dei må høyre godt etter, for ho skal seie noko viktig:
– Mor er mindre enn far, men eg er like glad i begge.
Styrk er mindre enn mor, men eg er også glad i han.
Det er ikkje kor stor ein er, det kjem an på,
men at ein er til og kan puste!
– Og ete og bæsje, seier Styrk.
– Ja, og svømme, legg mor til og klemmer han inntil seg.
Zara får ho ikkje klemme, for Zara må blåse.
Ein høg og klår tone, ein kjempefrott C,
flyg ut av tubaen som ein fanfare for alle som er små.
– Vår vesle, kloke Zara, seier mor.





ULKA

Det kjem eit uvêr sigande frå havet.
Men Styrk vil likevel snorkle.
Han vil nemleg uti med ei mjølsikt!

Han svømmer under vassflata,
ustoppeleg undersøkjer han kvar stein.

Zara gler seg så veldig til å sjå kva han finn.
Ho må tute litt i tubaen, heilt uhøyrleg sjølvsagt,
så mor ikkje trur det har hendt ei ulykke.
– Ikkje ver så utsolmodig, seier Styrk.
Han svømmer forbi Zara enda ein gong,
men brått stikk han mjølsikta ivêret.

Zara tar imot: Det ligg ein liten fisk der.
Han ser underleg ut.
På det breie hovudet sit ein utvekst.
– Det er ei ulke, så ho må vere i vatn, seier Styrk.
Zara veit sjølvsagt det, så ho duppar sikta heilt under.

Først ligg ulka heilt urørleg,
men så breier ho finnane ut og siglar utover.

Zara ser på Styrk.
Ho er useieleg glad for å ha ein slik bror.
Her om dagen blei dei nesten uvenner,
så ho ville setje ein stoppar for svømminga hans.
Men i dag har ho fått eit under av ein fisk.
– Du er verdas mest uskikkelege bror,
seier ho og gir han ein god klem
før ho skubbar han ut i sjøen igjen.





ÆRFUGLEN

Neste dag snorklar Styrk veldig lenge.
Zara sit og ventar ei æve før han kjem på land.
Og da er han kjempelei!
– Eg greier ikkje å finne ein skatt med ein ny bokstav,
i alle fall ikkje om skatten skal vere levande.
Er det OK med denne fjøra? spør han.

– Fuglar er vel ikkje frå havet? seier ho.
– Jo, ærfuglar er frå havet, seier Styrk.
Han rettar fram fjøra og fortel
om ærfuglane som misser så mange fjører
at dei ikkje lenger kan flyge.
Heile sommaren, heilt til fjørene veks ut igjen,
må ærfuglane leve i sjøen.
Dei kan ikkje flyge,
så dei må svømme med dei fjørlause vengene sine
for å finne seg mat.

Zara tar imot fjøra, ho er lang og stiv og svart.
– Ho er frå ein hannfugl. Hannen er svart og kvit,
mens hoa og ungane er brune, fortel Styrk.

Zara set ærfuglfjøra i håret.
– No blei du ærfugl-fin! seier Styrk.
– Men i morgon, når Gro kjem på besøk,
blir det noko ekstra fint til kvar av oss, lovar du det?
– Æresord, dobbelt æresord, smiler Styrk.

Æ

Æ

æ

æ



GRISETANGEN

Gro kjem på besøk, men dei får ikkje leike,
for Zara må jo passe på Styrk!
Begge sit og glanar ut på sjøen.
Om Styrk berre kunne komme opp med dagens gåve!
Men den ser det ut som han har gløymt.
Han ligg berre og plaskar og tullar.
– Nei, no gidd eg ikkje meir, seier Gro.
– Kom på land! Vi vil gå og leike, roper Zara.

Da dukkar det opp eit grufullt hovud.
– Grøff! Grøff! gryntar det og gjer
dei mest groteske grimasar.

Men ... det er jo berre Styrk!
Han vassar inn på grunna.
Han bukker galant, heile hovudstasen glir fram.
– Her kjem grisetang av gull, gryntar han.
Gro ler så ho nesten må gråte.
Tenk å ha ein så galen bror!

– Før var dette godteri for grisar, fortel Styrk.
– Æsj, seier Gro.
– Jo, dei likte å gnafse i seg tang, seier Styrk. – Men
no blir grisetangen helst bruk til trylling.
For eg er ein trollmann frå havet,
og no skal du, Zara, bli ei gudinne!
Han grip tangen og held han over Zara.
Ho får ein diger parykk av gull.

– Skal Gro også gjerast om til ei gudinne? spør Styrk.
Gro vil det!
Og straks får også ho ein gyllen parykk.

Styrk vassar tilbake i havet, han kan snorkle trygt,
for to vaskeekte gudinner vaktar han!





DAUDINGHAND

Mor har fletta krone i håret til Gro og Zara.
I dag er dei dronningar, dekte med dingeldangel.
Men dei må likevel passe på Styrk.
– Vi kan vel danse litt? spør Gro, for ho kjedar seg.
– Ikkje ver dum, seier Zara, – vi må vakte
som om vi var detektivar, elles kan Styrk drukne!
Heldigvis kjem ein båt forbi, og dei i båten vinkar.
– Vink tilbake, slik dronning Sonja gjer på 17. mai! jublar Gro.

Men når båten er borte, blir det dønn kjedeleg
å vere dronningar og ikkje gjere anna enn
å dingle litt med øyrepynten.

Da – med eitt – stikk det ei hand opp av havet!
Ei kvit og klumpe hand med berre tre fingrar.
Den fæle handa kan jo gripe tak i Styrk!
Den fæle handa kan jo trekkje han under!
Zara triv tubaen og tutar tre gonger.

Da dukkar hovudet til Styrk opp.
– Ikkje tut, det er eg som held handa! roper han,
men mor kjem alt farande.
– Eg vinka med ei daudinghand,
ei diger klynge med små dyr som heiter korallar, seier Styrk.
– Og dette var skatten som jentene skulle få? spør mor.
– Ja, gliser Styrk, – om dei ikkje heller vil
at eg skal svømme ut og vinke til dei igjen?
– Dronningar kan bestemme sjølve, seier mor.
Ho hentar ein diger kartong med kald druesaft.
Den har to sugerøyr, så jentene kan drikke samtidig.
For to dronningar kan vel dele?

Innimellom vinkar dei til Styrk,
som undersøkjer grundig alt som er nede i djupet.





HAIEN

Det er dagen da far skal komme heim.
Zara har ikkje sett han på ein halv månad.
Ho har lengta slik etter han!
Men først må Zara sitje og halde oppsyn med Styrk
som skal snorkle.

Styrk hoppar uti.
Zara ser berre hælane på han,
hovudet er som alltid i vatnet.
Ho håpar han finn noko ekstra fint.

I dag går det fort,
Styrk strekkjer handa i vêret.
Zara ser ei ørlita brun pute
med rare krusedulltrådar i hjørna.
– Det er eit egg frå ein hai, roper Styrk.
– Eit firkanta egg? undrast Zara.
– Ein stor hai har lagt det, og ein liten hai ligg inni!
fortel Styrk. – Det er ein eggkapsel,
trådane hadde hekta seg fast i tangen.

Zara får halde kapselen.
Han er litt mjuk og litt hard.
Er det verkeleg ein hai der inne?

Styrk fortel at først utpå sommaren
kjem den veslehaien ut.
Heilt for seg sjølv begynner han å ete.
Den ørveslehaien blir større og større.
Nesten ein meter kan ein slik hai bli.
Men det veit jo ikkje han mens han veks,
for han har aldri sett verken far eller mor.

– Tenk å vere så liten og skulle bli så farleg og stor
utan å vite om det, seier Styrk.
– Så liten og heilt utan far og mor, seier Zara.
– Ja, og storebror, skundar ho seg å leggje til,
mens ho klemmer seg inntil den våte halsen hans.





33

QQQ

BOKSTAVHUMRANE

Endeleg kjem båten som far arbeider på, inn til byen.

Der tar han første buss heim.

Men før det har han kjøpt byblomar.

Det er dét mor kallar gåvene far kjøper i byen.

Mor får ny bikini, blå, med blekksprutar på.

Zara får ei bok, men den har ikkje bilde,

berre bokstavar, side opp og side ned.

Av bokstavane er det laga ord.

Orda er ordna i rekker.

Ord som byrjar på same bokstav,

står på same rekke.

– Ei ordliste, seier Styrk som kan lese
og veit slike viktige ting.

– Er alle orda i heile verda i boka mi? spør Zara.

– Nesten alle dei norske, seier far.

Ho klemmer han, hardt, for ho er så glad for bokstavgåva si.

B

B

b

b

Styrk får ein stor boks som far har slått
beltet sitt rundt, slik at lokket blir tett.

Styrk opnar boksen, men alt han ser
er ein bunke med våte aviser og blad.

Han vippar vekk dei blaute blada,
og så kjem det fram nokre beist av nokre reker.

Men dei er ikkje kokte, dei lever!

Dei strekkjer seg ut med eit rykk
og like brått buktar dei seg saman igjen.

– Bokstavhumrar, forklarer far, – ser de
bokstavane på bakkroppen?

Eg syntest det kunne passe bra til deg, Styrk,
som er så flink til å finne bokstavar frå havet!

Styrk løftar opp ein av bokstavhumrane,
han har lange klør og ti par bein.

– Vi får vel koke lekkerbiskenen, seier far.

Men Styrk seier beint nei, han grip boksen og spring.

Nede på berget tar han snorkelen på,

og så svømmer han frå land med boksen.

Ute i bølgjene lèt han humrane få dale ned
på havsens botn med alle dei fine bokstavane sine.



MANETA

Far vil hjelpe Zara med å passe Styrk som snorklar.
Dei sit på berget med den nye boka.
Zara fortel om alle bokstavane ho har lært.

- Kom med ein ny bokstav! roper ho ut til Styrk.
- Masekopp, roper Styrk tilbake.
Men mindre enn eitt minutt etter er han der.
- M for manet! seier han.



Heldigvis er det ei glasmanet han har med,
og ikkje ei manet som svir når du tar i henne.
– Ho har gift som svir, glasmaneta også,
ho lammar dyr som ho vil ete.
Men gifta er så svak at vi menneske ikkje merkar henne, fortel Styrk.



Zara ser på den gjennomsiktige maneta.
– Korleis kan ho ete, ho har jo ikkje mage?
Men da må Styrk le!
– Fire magar har ho, og dei sit i midten,
mellom nokre armar som viftar maten inn i munnen.
Men same kor mykje ho et, så er ho mest vatn.



Zara kjenner på maneta, ho er lita og mjuk.
– Somme sortar er små, berre nokre millimeter.
Andre kan bli meir enn ein meter, seier Styrk.
Han legg maneta tilbake i sjøen.

Ein måke styrtar mot maneta.
– Vil han ete henne? undrast Zara.
Men Styrk meiner nei, det er det berre månefiskar som gjer.
– Alt du veit! Du er ein meister, seier far.
Da blir Styrk så flau at han stuper uti igjen.



WIVIAN

Styrk har snorkla heile sommaren
og tatt mest heile alfabetet opp av havet!
Det er ikkje mange bokstavar igjen,
Zara har sjekka det i den nye boka si.

- Det er berre 5 bokstavar igjen!
seier Zara og viser dei til Styrk.
- Eller kanskje det er berre 4? undrast ho,
for to er veldig like,
den eine er den andre dobbelt opp.
- V er vanskeleg å finne nedi sjøen, sukkar Styrk.
- Er V-en verkeleg så vanskeleg å hente opp av vatnet? undrast mor.
- W er enda verre, seier Styrk.
- Eg veddar på at du greier det! ler mor.
- Kva veddar du, da? vil far vite.
- Verdas største vaniljeis, lovar mor.

Far, Zara og Styrk går ned til sjøen.
Dei skal finne ein V.

Men V-en må Zara vente på.
Styrk svømmer att og fram i vasskorpa,
han finn ikkje anna enn vind og vatn!

- Også mor kjem ned for å vite kor det går.
 - De må ikkje late som de ikkje greier det,
berre for å få is, ertar ho.
 - I ferskvatn kunne eg ha henta opp ei vasslilje, seier Styrk.
 - Kva med vasskoppar og vassmelon? spør far.
 - Eller vasski? seier Zara.
 - Vedgå at du har tapt veddemålet, Wivian, seier far.
Han vil gi henne ein vennleg klem,
men ho skubbar han vekk og vrir kjolen av seg.
Ho spring over berget i ein veldig fart.
 - No har du begge V-ane, roper mor til Styrk
idet vasspruten står.
-
- Mi vakre, våte Wivian, ler far.
Han hjelper mor Wivian opp
så ho får skunde seg opp etter vaniljeisen.





YNGELEN

Ein morgen spør Styrk om han får låne mjølsikta.

– Yes, smiler mor og far.

Og så spør Styrk om han kan få svømme under kaia, ytst ute?

Igjen blir det eit yes til svar.

Styrk hoppar uti.

Både far og Zara passar på.

Det yrer av bitte små fiskar kring kaia.

Dei er så yndige, flyttar seg samtidig,
som i ein undervassballett.

Styrk svømmer roleg mot dei.

Han fører sikta nesten umerkeleg innunder dei.

Brått løftar Styrk sikta så raskt han kan!

Mest alle ynglane skvett til side,
dei fer i alle retningar.

Styrk får likevel fanga *ein*.

– Y for yngel, seier han til Zara.

Zara må beundre den vesle fisken.

Tenk å vere så liten og greie seg sjølv!

Ja, for her finst verken mor eller far som gir dei mat.

Og dei må passe seg sjølve.

– Dei er mange, og det hjelper. Når alle skvett til,
blir den som vil ete dei, forvirra, seier Styrk.

Zara lèt den vesle yngelen svømme litt i sikta,
så slepper ho han tilbake i yngelballetten.

– Ein ypparleg Y, eg trur du må gi Styrk ein klem,
seier far til Zara når Styrk kjem på land.

Styrk får klemmen sin.

Zara tar i så han ynkar seg,
ho kjenner seg så glad og sterk.





NISA

Ein kveld vekkjer Styrk Zara.

– Skund deg, så skal du få sjå noko, seier han.

Han tar handa hennar.

Saman spring dei ned til naustet.

Mor og far er også der.

Dei står og stirrer ut på havet.

Det er jo natt, men slett ikkje mørkt,
for ein stor fullmåne lyser ned på vassflata.
Og opp i lyset dukkar det nakne, svarte ryggjar.

Dei er små kvalar!

Dei fer opp og ned.

Dei pustar og blæs.

– Det er niser, seier Styrk. – Og dei har så små nasar,
berre nokre hol, men dei dreg inn nok luft likevel.

Nisene kjem nærare og nærare.

– Munnen er som nebb, seier Zara.

– Dei skal nok nordover, dei følgjer silda, seier mor.

– Berre dei ikkje går inn i ei not, sukkar Styrk.

Ei nisemor fer forbi med ungen sin,

eit lite nisenurk som ho nufsar kjærleg i.

Zara seier at ho aldri har sett noko så nusseleg.

– Og så nyttig, seier far, – for no har du

fått ein nydeleg N som høyrer havet til!

N
N

n

n



XYLOFONEN

Zara og far sit på berget og passar Styrk.

Dei har ordboka med.

Zara fortel far om alle skattane ho har fått,

og så finn dei bokstavane inne i boka.

No er det berre éin bokstav igjen å finne.

Og den skal finnast nett no!



Endeleg kjem Styrk på land.

Med ein stabel med skjel.

Han legg dei på rekke og rad.

Og han ser veldig lur ut!

– No kan du tute på mor, seier han til Zara.



Zara tutar og mor kjem setjande.

Men ho blir litt brysk når det ikkje er fare på ferde.

– Ikkje ver slik surpomp og xantippe, ertar far. – Vi skal jo feire den siste bokstaven i bokstavjakta.

– X for xylofon! roper Styrk.

Så begynner han å slå på skjela som om dei skulle vere det finaste instrument.

Først dansar far med Zara.

Så dansar han med mor.

Zara må danse for seg sjølv,

ho tar ordboka og svingar seg rundt.

Rundt og rundt med bokstavane.

No er dei hennar, alle saman!

Når ho får tid, skal ho prøve dei ut.

Når ho får lyst, skal ho setje dei saman,

slik at ho kan lese med dei.

Lese om havet og alt som rører seg der.

Lese om lufta og alt som fer gjennom den.

Og om jorda, sjølvsagt, som Zara liker seg så godt på,

fordi ho har både mor og far og bestemor,

og ein storebror som kan spele både xylofon og tuba

og attpå til bukke som ein prins for bokstavprinsesser!

BOKSTAVSOMMAREN

Styrk vil snorkle, men da må nokon passe på han.
Det blir Zara, veslesøstera hans.
Ho er for lita til å snorkle,
men stor nok til å halde auge med broren.
Som lønn skal ho få ein skatt kvar dag.
Skatten skal komme frå havet
og begynne på ein ny bokstav kvar gong.



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



Lesesenteret
Universitetet i Stavanger